



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 01.10.2015

Sak nr.: 15/9160-2

Internt l.nr.: 43512/15

Sak: 46/15

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 1. oktober 2015**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Tertialrapport 2/2015

Tertialrapporten vart teken til orientering.

2. Revisjonsplan finansiell revisjon 2016 v/SF revisjon IKS

Revisor orienterte om plan for finansiell revisjon, der oppdragsvurdering, risikovurderingar, interimrevisjon og årsoppgjersrevisjon var blant dei tema som vart tekne opp. I tillegg vart det orientert om at klagen på foreldelsen av skattekrav i samband med fakturaer frå Statens vegvesen er avslått av Skattedirektoratet, som legg til grunn at kompensasjonskravet er forelda etter kompensasjonslova § 10 tredje ledd. SF revisjon har i sitt budsjett føreslege ein auke i honoraret frå fylkeskommunen og kommunane på 8% på grunn av auka pensjonskostnader i selskapet og generell lønsauke. Budsjettet vert handsama i representantskapsmøte 16. oktober. Orienteringa vart teken til vitande.

3. Orienteringar frå leiar, nestleiar og kontrollsjef

- a. *Per Rune orienterte frå møtet i finansutvalet, der kontrollutvalet sin nestleiar la fram utvalet sitt behov for auka midlar i budsjett 2016 og 2017 til opplæring av nytt kontrollutval. Finansutvalet gjekk mot å auke kontrollutvalet sitt budsjett.*
- b. *Fylkeskommunal datamaskin til politisk arbeid skal leverast inn etter endt fylkestingsperiode – seinast innan utgangen av 2015.*